

## **PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF**

**STAD:** Clarion Bergen Airport Hotel Flesland  
**MØTETIDSPUNKT:** 14.12.2016 KL. 13:00 – 16:00

**Styremøte var ope for publikum og presse**

---

### **DELTAKARAR FRÅ STYRET**

Olav Godtfred Klausen	Nestleiar og leiar av møtet
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem

### **FORFALL FRÅ STYRET**

Trude Marit Risnes

### **DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Ola Rye	Kst. Adm. Dir
Tor Erik Tveit	Kst. Økonomisjef (referent)

**SAKLISTE**

Sak	065/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	066/16	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 17.11.2016
Sak	067/16	Administrerande direktør si orientering
Sak	068/16	Årleg melding SAV 2016
Sak	069/16	Systemstøtte til legemiddelkjeda og sjukehusapotek

**UNDERLAG**

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Saker til orientering:

Sak	070/16	Eventuelt Skriv og meldingar
-----	--------	---------------------------------

**Lukka del**

Sak 071/16, sak 072/16 og sak 073/16 blir behandla i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 071/16	Verksemdsrapport per oktober 2016 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 072/16	Budsjett 2017 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 073/16	Styret si eigen evaluering og vurdering av administrerande direktør (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt

**OPE DEL****Sak 065/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom.

**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

**Sak 066/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 17.11.2016****Oppsummering**

Styret hadde ingen merknadar til protokoll frå styremøte 17.11.2016.

**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 17.11. 2016.

**Sak 067/16 Administrerende direktør si orientering****Oppsummering****1. Rapportering tilsynssaker**

\*Ingen

**2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

\*Ingen

**3. Oversikt over aktuelle høyringar**

\*notat ligg ved. Konstituert administrerende direktør kommenterte på høyring om offentliggjerung av LIS priser.

**4. Status utredning nasjonalt sjukehusapotekføretak**

Konstituert administrerende direktør leste opp konklusjon frå nasjonalt AD møte. Prosjektet vert avslutta og Sjukehusapoteka Vest forset som eige føretak i Helse Vest, men da i eit tett samarbeid med dei andre sjukehusapotekføretaka i Norge. Konklusjon frå det nasjonale AD møtet vert informert i verksemda etter styremøte.

**Vedtak (samrøystes)**

Styret i Sjukehusapoteka Vest tek orienteringa til vitande.

**Sak 068/16 Årleg melding SAV 2016****Oppsummering**

Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2016 (Vedlegg 1) kan strukturelt deles i tre delar:

- Hovudområder for styring og oppfølging i 2016
- Helsefaglege, økonomiske og organisatoriske krav frå Helse Vest RHF
- Plandokument for 2016

Årleg melding er utforma på mal frå Helse Vest og er fyrst og fremst ein rapport på bestilling frå eigar, og viser ikkje ei samla oversikt over alt utviklingsarbeidet som går føre i Sjukehusapoteka Vest. Sjukehusapoteka Vest har gjennom 2016 levert på dei krav som er sett til føretaket.

## Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Sjukehusapoteka Vest vedtek Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2016, med de kommentarar som frem kom i møte. Kommentar ekstra innsats som har vore ved Sjukehusapoteket i Stavanger ved beredskapshendingane sommaren og utover hausten 2016 skal innarbeidast i meldinga.
2. Styret i Sjukehusapoteka Vest gjev administrasjonen høve til å oppdatere aktivitetstal og økonomital samt nødvendige kommentarar knytt til desse før Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2016 vert sendt til Helse Vest RHF innan fristen 13. januar 2017.

## Sak 069/16 Systemstøtte til legemiddelkjeda og sjukehusapotek

### Oppsummering

Det er i regi av Apotekforeningen sett i verk arbeid med nytt bransjesystem for apotek til erstatning for FarmaPro. Arbeid går under namnet digital fornying i apotekbransjen (DIFA). Nytt bransjesystem vil ha færre funksjonar enn FarmaPro og ein må difor vurdere korleis behov for systemstøtte samla sett skal løysast. Det er etablert eit nasjonalt forprosjekt i regi av Nasjonal IKT for vurdere områder for nasjonalt samarbeid i samband dette samtidig som ein gjer vurderingar av mellom anna LIBRA anskaffelsen og kan dekke behova. Plan er at nytt bransjesystem skal være på plass i år 2020.

Hovudpunkta i saka vart presentert av IKT leder, Jimmy Thomsen.

## Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering. Styret ber om at administrasjonen utarbeider eit notat til neste styremøte den 1. mars 2017 om utvikling i saka med tanke på framdrift, risiko og tidslinje i arbeidet.

## Sak 070/16 Eventuelt Skriv og meldingar

Ingen sakar meld.

## **LUKKA DEL**

**Møte blei lukka etter Helseforetaklova §26a, 2.ledd nr 4.**

**Sak 071/16                      Verksemdsrapport per oktober 2016**

### **Oppsummering**

Styret gjekk gjennom verksemdsrapporten. Styret sa seg nøgd med resultat i 2016 og ser samtidig at prognosen for 2016 synes å være noko forsiktig. Styring av bemanningskostnader og økonomistyring i samband med omlegging til prosess-styring vart diskutert.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tek rapportering frå verksemda per oktober 2016 til etterretning.

**Sak 072/16                      Budsjett 2017**

### **Oppsummering**

Føresetnader for utarbeiding av budsjett for 2017 er tidligare omtala i sak til styre (Sak 038/16).

Budsjettmodellen og budsjettarbeidet i SAV er godt etablert. Budsjettprosess og modell for budsjett 2017 er lagt på same lest som dei siste åra. Det er gjort arbeid med å sjå inn i trendar for volum og prisutvikling for ulike varekategoriar som grunnlag for budsjettet. Det har vore dialog med sjukehusverksemdene i prosessen. Trendanalysar, erfaring og dialog med sjukehusa er viktig ved vurdering av utviklinga i 2017. Budsjettet legg opp til eit resultat på kr 17 mill. i tråd med resultatkravet.

Hovudpunkt i budsjett 2017 blei presentert av kst. Økonomisjef Tor Erik Tveit med vekt på nøkkeltala i budsjettet, vekst i sal og endring i andre inntekter, produktivitet, endring i personalkostnader og spesielt pensjon. Risiko i budsjett og endringar samanlikna med langtidsbudsjettet for 2017 vart omtala. Styret la vekt på omsyn til arbeidsmiljøet ved gjennomføring av budsjettet.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret i Sjukehusapoteka Vest vedtek budsjett for 2017

**Sak 073/16                      Styret si eigen evaluering og vurdering av administrerande direktør**

### **Oppsummering**

Der er eit krav i protokoll frå føretaksmøte at styret i Sjukehusapoteka Vest HF evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar, som igjen vidareformidlar til Helse- og omsorgsdepartementet. Dette kravet er og formidla gjennom rettleiaren for styrearbeid i Helse Vest.

**Vedtak (samrøystes)**

1. Styret si eignevaluering og evaluering av administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF, er gjennomført i ein elektronisk spørjeundersøking.
2. Styret si eignevaluering og evaluering av AD er gjennomført i Sjukehusapoteka Vest HF i november 2016 på utarbeidd mal frå Helse Vest RHF.
3. Oppsummering blir sendt Helse Vest RHF, som samordnar og sender samla oppsummering frå Helse Vest til Helse- og omsorgsdepartementet.

Tor Erik Tveit  
Referent  
14.12.2016

Trude Marit Risnes	Styreleiar (sett)
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar og leiar av møte 14.12.16
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Marit Jacobsen	Medlem (sett)
Gunvald Iversen	Medlem